

# Konfirmantåret 2017/18

Sommarferien er over - me håpar de har hatt ein fin ferie, og er klar for å ta fatt på hausten.

Me gler oss til å koma i gong og få møta alle konfirmantane!

**Her kjem litt informasjon som er viktig å få med seg;**

- **Leir på Statsraad Lehmkuhl:** Sjå vedlegg med eige leirprogram.
- **Undervisning:** Dato og klokkeslett for dei ulike undervisningstimane står i årsplanen (vedlegg).  
Ta med Konfirmantbibelen og ConDios på alle samlingane me skal ha.  
Kyrkja kjem til å vera open ca. 15 min. før undervisninga startar slik at de kan få eta niste dersom dei ynskjer det.
- **Miljøtiltak:** Me kan opplyse om at de har fått ynskje oppfylt ved val av miljøtiltak. Du vil få beskjed om kva tid aktiviteten startar opp, leiaren i miljøtiltaket. Håpar du vil lika deg!
- **Konfirmantfestival:** Sondag 4. februar er det konfirmantfestival på Langevåg bygdatun saman med konfirmantar frå andre stadar. Meir informasjon kjem utover året.
- **KN - aksjon:** Tysdag 20. mars skal konfirmantane vera med å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelp. Meir informasjon kjem på ei undervisning til våren.
- **Gudstenesteframmøte:** Det inngår i konfirmanttida å bli kjend med kyrkja og gudstenesta. Du skal sjølv velje 4 gudstenester du skal gå på, i tillegg til dei 4 som står i årsplanen.

Når du kjem til gudsteneste har kyrkjeverten, som står ved døra, eit gudstenesteark til deg som er konfirmant (vedlegg). Dette skal leverast til presten rett etter gudstenesta.

Me oppmodar foreldre og fadrar til å vera med konfirmanten på gudstenestene.

### Gudstenester som står i årsplanen:

1. **Presentasjonsgudsteneste:** Konfirmantane går inn i prosesjon, vert presentert for kyrkjelyden og får utdelt Konfirmantbibelen.
2. **Temagudsteneste:** Dette er ei gudsteneste der konfirmantane deltek blant anna med lesing og lystenning . Nokre av gruppene har temagudsteneste før jul, medan andre skal ha etter jul.
3. **Konfirmantgudsteneste:** Denne gudstenesta er på våren, 14 dagar før konfirmasjonen. På denne er det vanleg at konfirmantane går i dei kleda ein skal ha på konfirmasjonsdagen. Etter gudstenesta er det konfirmantfestar på bedehusa. Invitasjon til festen kjem frå bedehusa eller ungdomsheimen.
4. **Konfirmasjonsgudsteneste:** Alle har fått den gudstenesta dei har valgt. Dersom det er nokon som ynskjer å byte dag eller klokkeslett, ta kontakt med oss snarast mogleg.

**Temasamling:** Tysdag 7. november kl.18 vert det føredrag og konsert med Hein Anders Kvalheim for alle konfirmantar og foreldre/ føresette på heile Bømlo. Samlinga er i Bremnes kyrkje.

Er det noko du lurar på så ring eller send ein mail til kyrkjelydspedagogane:

**Me ynskjer deg og familien din vel møtt til kyrkja, og lukke til med konfirmantåret!**

### Venleg helsing

#### **Laila Hansen Røksund**

-Kyrkjelydspedagog-  
53 42 32 89

[laila-hansen.roksund@bomlo.kommune.no](mailto:laila-hansen.roksund@bomlo.kommune.no)

#### **Aksel Lygre**

-Sokneprest i Moster-  
53 42 32 88

[aksel.lygre@bomlo.kommune.no](mailto:aksel.lygre@bomlo.kommune.no)

#### **Liv Merete Fylkesnes Pedersen**

-Kyrkjelydspedagog-  
53 42 32 86

[liv.merete.pedersen@bomlo.kommune.no](mailto:liv.merete.pedersen@bomlo.kommune.no)

#### **Åse Innvær**

-Kyrkjelydspedagog-  
53 42 32 95

[Ase.Innvaer@bomlo.kommune.no](mailto:Ase.Innvaer@bomlo.kommune.no)